NVE
Noregs vassdrags- og energidirektorat

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 13.11.2026
Vår ref.: 202615614-13 Vis til ved kontakt

Høyring av detaljplan for 132 kV sjøkabelanlegg Eiksund-Rjånes

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) fekk 11. november 2026 tilsendt detaljplan frå Linja AS for 132 kV sjøkabelanlegg Eiksund-Rjånes i Ulstein og Ørsta kommunar i Møre og Romsdal fylke. Detaljplanen vert no sendt på høyring, og me ber om at de sender oss merknader til planen seinast 6. desember 2026.

Kva inneheld detaljplanen?

Eit av krava i anleggskonsesjonen er at Linja AS skal utarbeide ein detaljplan. Ein detaljplan er ein plan for korleis Linja AS skal byggje anlegget for å oppfylle krava i konsesjonen. Detaljplanen skal også konkretisere korleis anlegget skal byggjast og drivast slik at miljø og landskap vert vareteke best mogleg. Konsesjonæren skal ha utarbeidd planen i kontakt med kommunar, grunneigarar og andre rettshavarar.

Detaljplanen må vere godkjend av NVE før anleggsarbeida kan starte. Det er denne planen me no har på høyring. Dokumenta er tilgjengelege på NVE si nettside: www.nve.no/8707/A.

Konsesjonssaka er ikkje på høyring

Løyvet til å byggje 132 kV sjøkabelanlegg Eiksund-Rjånes vart gitt i NVE sitt vedtak datert 17. april 2023. Då konsesjonssaka vart behandla, var konsesjonssøknaden for 132 kV sjøkabelanlegg Eiksund-Rjånes på offentleg høyring. Sjølve spørsmålet om det skal gjevast konsesjon, er difor ikkje oppe til ny høyring no. Det er detaljplanen for anlegget me ynskjer innspel til.

Konsesjonæren må varsle grunneigarar og rettshavarar om høyringa

Me vil i eigen e-post til Linja AS sine kontaktpersonar orientere om korleis grunneigarar og rettshavarar skal varslast om høyringa.

Linja AS har ansvaret for å avklare privatrettslege forhold med rettshavarar og for å innhente naudsynte løyve etter andre lovverk.

Kva ynskjer me tilbakemelding på frå høyringspartane?

Me ynskjer tilbakemeldingar frå høyringspartane på den vedlagde detaljplanen. I denne høyringa ber me også om innspel på endringar av tiltaket som er omtala i kapittel 3 i detaljplanen. Det gjeld endringar av sjøkabeltrasé og små justeringar av landtaka ved høvesvis Eiksund og Rjånes.

Forholdet til plan- og bygningslova

Energianlegg med konsesjon etter energilova er unnateke frå byggjesaksbehandling etter plan- og bygningslova.[1]

Fristen for fråsegn

Me ber om at fråsegn til detaljplanen vert sendt til NVE innan **6. desember 2026**. Send inn fråsegn på ein av desse måtane:

- NVE sine nettsider: www.nve.no/8707/A
- e-post til nve@nve.no
- brev til NVE, postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Merk e-posten/brevet med «Fråsegn» og saksnummer 202615614 i emnefeltet, og vis til namn i innleiinga. Om du du representerer ei verksemd må du også vise til organisasjonsnummer.

NVE fører tilsyn med anleggsarbeida

Bygginga av anlegget er underlagd offentleg tilsyn, og NVE vil føre tilsyn med at arbeida skjer i samsvar med konsesjonsvilkåra og med godkjende planar. Me vil også følgje opp at anleggsområda vert forsvarleg rydda og sett i stand. NVE kan gjennomføre inspeksjon for å kontrollere at anleggsarbeida og sluttresultatet er i samsvar med konsesjonen og den godkjende detaljplanen. Me ynskjer eit godt samarbeid med kommunane og vil eventuelt invitere kommunane og andre relevante myndigheiter til å delta på inspeksjon viss aktuelt.

Med helsing

Torben Lode
Seniorrådgjevar

Godkjent av
Matilde Anker
Fagleiar

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

[1] Byggjesaksforskrifta § 4-3 (forskrift 26. mars 2010 nr. 488 om byggjesak).

Mottakarliste:
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
STATNETT SF
ULSTEIN KOMMUNE
ØRSTA KOMMUNE
Kystverket
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum
Grunneigarar/rettshavarar
SØR-NORGES FISKARLAG

Kopimottakarliste:
LINJA AS
LINJA AS - Åsmund Kleiva Nilsen